

Kurs i matrikkelføring

Offisielle adresser



Kartverket

Innhald

Innhald.....	2
Læringsmål	3
Heimelsgrunnlaget	4
Formålet med adresser.....	4
Kven er adressestyresmakt for offisielle adresser?	4
Kor finn ein heimelen for kommunen sitt adresseansvar?	5
Kva objekt skal tildelast offisiell adresse?.....	5
To ulike lovverk	5
Adresseparagrafane i matrikkellova.....	5
Definisjonar	6
Offisiell adresse	6
Adressenamn	7
Adressekode	7
Adressetilleggsnamn	8
Adressetilleggsnamn og tilleggsinformasjon	8
Matrikkeladressenamn	11
Ytre inngang	11
Generelt om definisjonar.....	12
Adresseprosessen	12
Forankre arbeidet – bruk gode argument	13
AMK-sentralane.....	13
Posten – Skatteetaten –Telenor.....	13
Folkeregisteret	14
Telenor	14
Bilnavigering og andre navigeringstenester.....	14
Gratispassasjerar i kommunale avgiftssystem og kommunal nytte.....	14
Mindre friksjonstap – gode adresser gjer at ting går raskare	14
Sentrale politiske signal	15
Felles adresseringsområde	16
Adresseparsell	16
Adresseparsell - vurderingskriterium.....	16
Adressenamn – namneforslag.....	17
Skiltplan	17
Adressenummer	17
Brukseiningsnummer.....	18

Når blir brukseiningsnummeret fastsett?	18
Hovudprinsipp for tildeling av brukseiningsnummer	18
Namnehandsaming	19
Namnehandsaming – kva er stadnamn?	19
Namnehandsaming – prosedyre for fastsetting av nye adressenamn	20
Namnehandsaming – når må det reisast namnesak for adressenamn?	21
Namnehandsaming – bruksnamn	21
Informasjon og uttalerett	22
Nokre eksempel på uttalerett – når og korleis	23
Namnevedtaket	23
Bestille skilt	23
Vedtak om tildelt adressenummer	24
Føring i matrikkelen	24
Krinsopplysningar	24
Skilting	24
Klage	25
Klage – regelverket, matrikkellova	25
Klage – regelverket, matrikkelforskrifta	25
Klage – det som det ikkje kan klagast over etter matrikkelregelverket	25
Klage – kva gjeld klagen?	26
Klage – oppsummering	26
Arkivering	26
Læringsmål	27

Læringsmål

- Vite kva som er føremålet med adresser og skilt (føremålsparagrafen)
- Vite kva offisiell adresse er
- Kjenne og forstå dei adresseomgrepa som er gjennomgått
- Vite kva i adressearbeidet som vert handsama etter matrikkellova med regelverk, og kva som vert handsama etter stadnamnlova med regelverk
- Forstå og kjenne til dei ulike delane av adresseringsprosessen, kva prinsipp som vert brukt i tildelinga av adressenummer og brukseiningsnummer.
- Kjenne til kva del av adresseprosessen/-arbeidet som vert utført etter reglane i lov om stadnamn
- Vite kva det kan klagast over etter matrikkellova, og kva det kan klagast over etter stadnamnlova
- Vite kva regelverk som styrer arkiveringa

Adresseprosessen etter matrikkellova

Adressekapittelet er tredelt: først litt grunnleggande om heimelen for tildeling av offisielle adresser, deretter ein del om dei ulike omgrepa som vert brukt i adresseringsamanheng, og til slutt kjem ein gjennomgang av adresseringsprosessen. I den siste bolken blir arbeidsoppgåver og regelverk kopla saman.

Heimelsgrunnlaget

Formålet med adresser

I matrikkelforskrifta kapittel 12 Offisiell adresse er dei fleste adresseparagrafane samla. Her er også ein formålsparagraf, § 49 som seier at

- adresser og skilt skal sørgje for at alle lett og forståeleg skal kunne identifisere og finne fram til bygningar, bustader og andre adresseverdige objekt som det er viktig å finna fram til
- adresser skal vere ein nøkkel i offentlege register
- adresser skal vere eit stadfestingsobjekt
- føring av adresser i matrikkelen skal bidra til eit adressesystem – vegadresse – i heile landet

Merk at på same måte som føremålsparagrafen for matrikkellova seier kva som er vektlagt med lova, er føremålsparagrafen for adressearbeidet førande for adressearbeidet.

Kven er adressestyresmakt for offisielle adresser?

Kommunen er gjeve eit ansvar for tildeling av offisiell adresse. Som adressestyresmakt skal kommunen ha kompetanse på dette området slik at det vert tildelt nye adresser etter regelverket. I tillegg skal adressersystemet haldast ved like etter fyrstegongs etablering. Det er difor viktig at kommunen har nødvendig kompetanse og er seg bevisst at det er den som er ansvarleg styresmakt med omsyn til det å fastsette offisiell adresse. Det er ikkje Posten (postadressa) eller Folkeregisteret (personadresse) som fastset offisiell adresse. Innanfor kommunen kan oppgåver fordelast og delegerast slik det er mest fornuftig. Vidaredelegering i kommunar er regulert i kommunelova. I einskilde tilfeller er delegering også styrt i særlovene. Som alminneleg regel kan det delegerast til alle folkevalde organ, og til ordfører og administrasjonssjef i alle saker som «ikke er av prinsipiell betydning». For delegering sjå miljøkommune.no <http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Saksbehandling/Delegering/> . Kommunen må tenke gjennom og ha på plass ansvarsforholda med omsyn til kven som gjer kva av adresseoppgåvene. Dette er det skrevet om i adresserettleiaren <http://www.kartverket.no/Documents/Matrikkel/veiledning/av-instruks/adresseveileder-uu.pdf> og det vil bli sagt meir om dette seinare.

Kor finn ein heimelen for kommunen sitt adresseansvar?

Matrikkellova § 21 seier:

Kommunen fastset offisiell adresse. Før kommunen gjer endeleg vedtak om offisiell adresse, skal dei som vedtaket får verknad for, få høve til å uttale seg.

Departementet kan i forskrift gi nærare reglar om utforming, tildeling, endring og skilting av offisiell adresse, og om kommunen sitt høve til å fastsetje utfyllande lokale forskrifter.

Som ein ser er heimelen til å fastsette offisiell adresse klart og tydeleg uttrykt i matrikkellova § 21.

Kva objekt skal tildelast offisiell adresse?

Matrikkelforskrifta § 50 (1) presiserer kva adresseobjekt som alltid skal tildelast adresse. Det gjeld bygning planlagt brukt til

- Bustad, fritid, næringsverksemd, og offentleg eller publikumsretta verksemd

Adresse kan også tildelast annan bygning, bruksenheter (lokaler), konstruksjon, anlegg eller eigedom dersom kommunen finn dette hensiktsmessig, jf. sjettedde. Når det er formålsteneleg, bør offisiell adresse tildelast ubebygde eigedomar og avgrensa område som tener eit større publikum, f.eks. idrettsanlegg, parkeringsanlegg, parkar og gravplassar.

Dette betyr at kommunen heile tida må vurdere i kva grad ein har med eit adresseverdig objekt å gjere eller ikkje.

To ulike lovverk

Det er to ulike lovverk som gjev heimelen for adressearbeidet, matrikkellova og lov om stadnamn. Den siste tek for seg skrivemåten av adressenamnet. Desse to lovene har ulike krav til prosessane knytt til vedtaket om fastsetting av adressenamnet eller adressedilleggsnamnet (matrikkellova) og fastsetting av skrivemåten av dei same namna (stadnamnlova). Dette krev at kommunen har kompetanse på begge lovverka, og organiserer arbeidet på ein ryddig og god måte.

Adresseparagrafane i matrikkellova

For å lese paragrafane gå til Lovdata og finn siste versjon av lovteksten der <http://www.lovdato.no/all/hl-20050617-101.html>

Matrikkellova med tilhøyrande rettskjelder finn du på [http:](http://www.regjeringen.no/contentassets/dd83d2c1c9c648e3adae77fc133164f3/matrikkellova_kommentarer_til_lov_og_forskrift_120821.pdf)

https://www.regjeringen.no/contentassets/dd83d2c1c9c648e3adae77fc133164f3/matrikkellova_kommentarer_til_lov_og_forskrift_120821.pdf

Her vil ein finne dei nedskrivne vurderingane som er gjort for dei ulike paragrafane i utgreiingsarbeidet fram til endeleg lovtekst, samt seinare uttalelser med meir.

MERK: Det har vore gjort endringar i matrikkelforskrifta etter at dette dokumentet vart skrivi. Difor må ein også sjå på veileder med kommentarar til matrikkelforskrifta med endringar, som gjeld frå 1. januar 2016 på same nettsida, datert 18.02.2016: https://www.regjeringen.no/contentassets/dd83d2c1c9c648e3adae77fc133164f3/matrikkelforskriften_oversikt_01_b.pdf

- § 4 Matrikkelen
- § 21 Fastsetjing av offisiell adresse
- § 25 Matrikkelføring av opplysningar om bygningar, adresser, eigarseksjonar, kommunale pålegg o.a.
- § 31 Bruk av matrikkelnemningar i offentleg saksbehandling, bruk av kart saman med matrikkelen, o.a.
- § 32 Offentlege gebyr og betaling for matrikelopplysningar
- § 46 Klage
- § 51 Overgangsreglar

Oppsummert er dette adresseparagrafane i matrikellova. Paragrafane 32 og 51 inneheld ikkje noko om adresse i sjølve paragrafteksten, men forskriftsteksten til desse paragrafane inneheld adresserelevant stoff. Men hugs - § 21 er ADRESSEPARAGRAFEN med stor skrift.

Meir stoff om gebyr på adressering, eit tema som ikkje vert nemnt meir i denne presentasjonen, finn du på nettsida under "adressefana"

<http://www.kartverket.no/Eiendom-og-areal/Matrikkelen/Adresser/Kommunen-som-adressemyndighet/Gebyr-og-adressering/>

Definisjonar

Matrikkelforskrifta § 2 punkt d – k inneheld definisjonar av adresseomgrep. Desse definisjonane og nokon fleire er utdjupa i alfabetisk rekkefølgje i merknaden til kapittel 12 i same forskrift. Adresserettleiaren kapittel 18 inneheld også eit definisjonskapittel. Det inneheld nokon fleire omgrep enn dei som er nemnt i merknaden til matrikkelforskrifta kapittel 12. I det etterfølgjande skal nokon av desse definisjonane gjennomgåast. Definisjonane som er definert i merkandane til kapittel 12 er:

- | | |
|----------------------|-----------------------|
| • Offisielle adresse | • Adressetilleggsnavn |
| • Adressekode | • Bruksenhetsnummer |
| • Adressenavn | • Matrikeladresse |
| • Adressenummer | • Matrikeladressenavn |
| • Adresseobjekt | • Postadresse |
| • Adresseparsell | • Vegadresse |

Offisiell adresse

Definisjonen av offisiell adresse finn ein i § 2 Definisjoner punkt d. Det kan enten vere ei

- **Vegadresse:**

Adressenavn (gatenavn) + adressenummer m/ eventuell bokstav

eller

▪ **Matrikkeladresse:**

Gårdsnummer + bruksnummer + ev. festenummer + ev. undernummer

- + ev. brukseiningsnummer: f.eks. H0203
- + ev. adressetilleggsnavn eller matrikkeladressenavn: f.eks. Ibsenhuset

Det er viktig å poengtere at offisiell adresse framleis omfattar vegadresser og matrikkeladresser. Og til den offisielle adressa høyrer også brukseiningsnummer der dette er aktuelt, og eventuelt adressetilleggsnamn eller matrikkeladressenamn. Matrikkeladressenamnet er eit hjelpenamn brukt for at post og varer enkelt skal kome fram i område der ein enno opererer med matrikkeladresser.

Adressenamn

Definisjonen finn ein i matrikkelforskrifta § 2 e og merknaden til kapittel 12 kor det heiter at adressenamn er eit namn på "... gate, veg, sti, plass eller område, brukt som del av den offisielle adressen. Et adressenavn skal være entydig innenfor samme kommune. To gater kan således ikke ha samme navn i samme kommune. Dersom to eller flere kommuner har et felles adresseringsområde skal navnet være entydig innenfor alle de aktuelle kommunene. ..."

Adressenamnet skal altså vere eintydig innanfor same kommune, og dersom fleire kommunar har eit felles adresseringsområde, skal det også vere eintydig innanfor dette adresseringsområdet. Enno er det ein del kommunar som har to eller fleire gater/vegar med same namn. Har ein det, bør ein starte ein omadresseringsprosess som munnar ut i eintydige adressenamn. Adressenamnet vil også ha ei forkorting dersom det er på fleire enn 22 posisjonar. Forkortinga skal gjerast av kommunen etter dei reglane som er nemnt i adresserettleiaren og på Språkrådet si heimeside

http://www.sprakradet.no/Sprakhjelp/Skriveregler_og_grammatikk/Forkortinger/ .

Kortnamnet vil hjelpe til slik at ein unngår at ulike adressebrukarar forkortar på forskjellig måte og legg inn ulikt skrivne adressenamn i sine respektive register. No vil ein få eitt offisielt forkorta namn som vert anbefalt brukt i datautvekslinga.

Som ei påminning må lesaren allereie no merke seg at:

- Kommunen som adressestyresmakt fastset kva namn adresseparsellen skal ha
- Skrivemåten vert fastsett etter reglane i lov om stadnamn

Sjå også adresserettleiaren kapittel 6.6 Adressenavn med underkapittel.

Adressekode

Adressekoden er den numeriske koden for adressenamnet (tidlegare gatekode). Koden er eit nummer som eintydig identifiserer adresserbare gater, veger, stiar, plassar og område som er ført i matrikkelen. For kvart adressenamn skal det vere ein adressekode (matrikkelforskrifta merknad kap. 12 og matrikkelforskrifta § 51). Ein veg som kryssar ei kommunegrense men beheld same namnet, vil få ein unik adressekode i kvar kommune. Reglane om tal siffer i adressekoden er dei same som i GAB (større eller lik 1000 og mindre eller lik 99998). Kodeverdiar utanfor dette spennet får ein ikkje registret i

matrikkelen. Sjå også adresserettleiaren kapittel 5. GAB-registeret var eit offentleg register over grunneigendomar, adresser og bygningar i Norge. Dette registeret er no erstatta av matrikkelen.

Adressetilleggsnamn

Adressetilleggsnamn (matrikkelforskrifta § 2, 54 og merknadene kap. 12)

- *Når adressen gjelder et gårdsbruk, kan den som har grunnbokshjemmel til eiendommen som eier, kreve at den offisielle adressen også skal omfatte gårdens bruksnavn, dersom navnet faller språklig og geografisk sammen med et nedarvet stedsnavn,*
- *Når adressen gjelder en særlig kjent institusjon eller bygning, og allmenne hensyn taler for det, kan kommunen på anmodning fra registrert eier, fastsette et navn på institusjonen eller bygningen.....*
- *Kommunen kan tildele adresser innenfor mindre grender, bolig- eller hyttefelt eller andre avgrensede områder et felles adressetilleggsnavn*

Adressetilleggsnamn er noko nytt som kom med matrikkellova. Det er berre eit fåtal av adressene som vil eller kan få tildelt adressetilleggsnamn. Forskrifta § 54 seier at dersom adressa gjeld eit gardsbruk, kan den som har grunnboksheimel til adressa KREVE at adressa også skal omfatta gardens bruksnavn. Skrivemåten må sjåast i samanheng med reglane i lov om stadnamn.

Når det gjeld ein særleg kjent institusjon, kan kommunen på anmodning frå den som har heimel til eigedomen fastsette eit namn på institusjonen eller bygningen dersom allmenne omsyn taler for det.

Kommunen kan gje adresseobjekt i eit bustadfelt, grendelag, eller et liknande mindre avgrensa område, eit felles adressetilleggsnamn, jf. § 54 tredje ledd. Ordninga inneber bl.a. at kommunen kan tildele adressetilleggsnavn for å skilja forskjellige grender langs ein gjennomgåande veg frå kvarandre, i staden for å dele opp vegen i mange små parsellar. Tildeling av adressetilleggsnavn etter fyrste og andre ledd går framfor tildeling etter tredje ledd.

Slik det går fram av namnet er dette eit tillegg, og det vil vere eit fåtal av adressene som vil få tildelt eit adressetilleggsnamn etter noverande regelverk. Kartverket har likevel sett at nokon kommunar har tildelt adressetilleggsnamn til adresser som ikkje kjem inn under dei kriteria som er lista opp i § 54. Det er å undergrave det regelverket kommunen skal arbeide innanfor, og undergrev også kommunen sitt truverde som adressestyresmakt.

Adressetilleggsnamn og tilleggsinformasjon

Merknaden til matrikkelforskrifta § 54 utdjuar kven som kan krevje adressetilleggsnamn til adressa. Fester kan ikke på selvstendig grunnlag kreve adressetilleggsnavn som del av den offisielle adressen. Flere adresser kan ha samme adressetilleggsnavn, f.eks. når flere bygninger ligger til samme gårdstun, men det er i et slikt tilfelle heller ikke noe i veien for bare å tildele stedsnavnet til hovedbygningens adresse.

Adresserettleiaren kapittel 6.7 med underkapittel utdjuar kva som vert meint med gardsbruk og nedarva stadnamn. Her er det å merke seg at festar på sjølvstendig grunnlag ikkje kan krevje adressetilleggsnamn, og at fleire adresser kan ha same

adressetilleggsnamn (eksempelet med gardstun og felles adressenavn innenfor mindre grender, bustad- eller hyttefelt). Kartverket har også laga ei retningsline for bruken av adressetilleggsnamn. Denne finn du i artikkelen på

<http://www.kartverket.no/eiendom/adressering/Kommunen-som-adressemyndighet/Adressetilleggsnavn/>

Her kan ein merke seg presiseringa av kva som kan reknast som nedarva stadnamn, og den anbefalte framgangsmåten ved tildeling av adressetilleggsnamn.

Delar av retningslina:

Bakgrunn og lovhjemmel

Etter matrikkelforskriftens § 54 er det åpnet for at vegadresser kan ha et tilleggsnavn, adressetilleggsnavn, som inngår i den offisielle adressen. Bakgrunnen for dette er et ønske om å kunne ta vare på bruksnavn av kulturvernmessig verdi, slik at disse kan komme i vanlig bruk som en del av den offisielle adressen. Tilsvarende gjelder også for navn på særlig kjente institusjoner eller bygninger.

Adressetilleggsnavnet kan knyttes til en enkelt eller noen få vegadresser, jf. merknader til matrikkellovens § 21, fjerde ledd, og er et tillegg til vegadressen med adressenavn og adressenummer.

Bruksnavn

I matrikkelforskriftens § 54 første ledd heter det: " Når adressen gjelder et gårdsbruk, kan den som har hjemmel til eiendommen som eier, kreve at den offisielle adressen også skal omfatte gårdens bruksnavn, dersom navnet faller språklig og geografisk sammen med et nedarvet stedsnavn, jf. lov om stadnamn."

I lov om stadnamn § 2 bokstav c er bruksnavn definert som: "namn på gårdsbruk eller annan eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer".

Nedarvet stedsnavn er definert i samme paragraf bokstav d som: "stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar".

Det er verd å merke seg at bruken av adressetilleggsnavn er begrenset til et fåtall adresser siden det kun gjelder for gårdsbruk. Dette er altså noe eieren av gårdsbruk kan kreve, men det er kommunen som avgjør om adressen/-ene er knyttet til et gårdsbruk eller ikke. Noe skjønnsmessig vurdering må her utøves. Med gårdsbruk menes ikke nødvendigvis at vanlig gårdsdrift utøves på det aktuelle tidspunkt. Det kan videre tenkes at slik tilleggsadresse bør kunne tildeles en vegadresse til det opprinnelige gårdstunet som nå kun utgjør en vanlig boligomt. Hovedføringen må her være den kulturvernmessige verdien knyttet til gårdens bruksnavn.

Ved vurdering om et bruksnavn er et nedarvet stedsnavn er hovedregelen at det må være i aktiv daglig bruk som navn på gårdsbruket. Videre forutsettes det at navnet er "munnleg eller skriftleg overlevert frå tidlegare generasjonar". Navn som finnes i matrikkelen 1903-07 og er i aktiv bruk vil i de aller fleste tilfeller være nedarvede stedsnavn. Nyere navn kan også godkjennes som nedarvede stedsnavn etter en kulturvernmessig vurdering av navnet. I den vurderingen vil kilder som matrikkelutkastet fra 1950, offentlige kart og dokumenter og muntlig tradisjon være aktuelle. Det betyr at bruksnavn som var en nydanning ved opprettelsen av bruket som egen matrikkelenhet, likevel kan betraktes som et nedarvet stedsnavn. Bruken av navnet og tiden som har gått vil være avgjørende for om navnet i dag skal regnes som et nedarvet stedsnavn. Også gårdsbruk av ny dato vil kunne tilordnes adressetilleggsnavn dersom det eksisterende nedarvete navnet på stedet benyttes som bruksnavn, for eksempel navnet på det aktuelle markstykket eller den aktuelle naturformasjonen. Det ligger derfor til rette for at bruksnavn som faller språklig og geografisk sammen med et nedarvet stedsnavn skal kunne tildeles som adressetilleggsnavn uavhengig av når gårdsbruket ble en selvstendig matrikkelenhet, for eksempel husmannsplasser og nyrydningsbruk.

Er det tvil om et bruksnavn kommer inn under betegnelsen nedarvet stedsnavn, vil [stedsnavntjenesten i Språkrådet](#) kunne gi råd om dette.

Retningslinjer for bruk av adressetilleggsnavn:

1. Adressetilleggsnavnet hentes fra Sentralt stedsnavnregister (SSR)
2. Hvis navnet ikke ligger i SSR, må Kartverket kontaktes for innlegging
3. Vedtatte skrivemåter skal brukes.
4. Hvis det ikke er gjennomført navnesak for bruksnavnet, og flere skrivemåter er lagt inn i SSR som godkjente skrivemåter, bør skrivemåten på navneenhetsplassen i SSR brukes, (jf. forskrift til lov om stadnamn § 15 siste ledd).
5. Om nødvendig tas det opp navnesak for å få fastsatt skrivemåten.
6. Løse tillegg for retning, størrelse osv. (Østre, Store osv) skal tas med hvis de er en del av bruksnavnet (dvs. gjenfinnes i matrikkelen / samsvarer med den lokale navnebruken). De plasseres da som hovedregel foran hovednavnet i samsvar med vanlige normeringsregler for norsk.
7. Tilleggsord (gård osv.) skal som hovedregel ikke brukes med mindre de er gitt som en del av bruksnavnet

Begrunnelse:

- Skrivemåten av adressetilleggsnavna reguleres i lov om stadnamn. Intensjonene i loven må derfor ligge til grunn for skrivemåten av adressetilleggsnavna

- Bruksnavn i funksjon som adressetilleggsnavn er offentlig bruk. SSR er primærdatabasen for stedsnavn i offentlig bruk.
- Retten til å ta inn adressetilleggsnavna som del av offentlig adresse er motivert ut fra kulturvern hensyn; dvs. primært vern av selve hovednavnet.

Er det spørsmål knyttet til dette ta kontakt med Språkrådets stedsnavntjeneste.

Adressetilleggsnavn på bygninger

Adressetilleggsnavn kan **kun** tildeles bygning i de tilfeller adressen gjelder en særlig kjent institusjon eller bygning og allmenne hensyn taler for det. I disse tilfellene skjer tildelingen på anmodning fra registrert eier. Se matrikkelforskriften § 54 annet ledd.

Adressetilleggsnavnet i Folkeregisterets personadresse

Adressetilleggsnavnet ligg ikkje som ein del av Det sentrale folkeregisteret (DSF). Folkeregisteret opplyser at et nytt adresseinformasjonselement får konsekvensar for alle som bruker folkeregisterets adresser, både internt i skatteetaten og for dei eksterne brukarane. Skattedirektoratet opplyser i brev til Kartverket at det å utvide dagens DSF med adressetilleggsnavnet ikkje har prioritet grunna manglande utviklingskapasitet. Dei har difor bestemt at det fyrst i et modernisert folkeregister vil være aktuelt å ta inn adressetilleggsnavnet i den folkeregistrerte bustadadressa.

Matrikkeladressenamn

Dersom det ikkje er gjeve adressetilleggsnamn på ei matrikkeladresse etter reglane i § 54 kan kommunen tildele eit matrikkeladressenamn i samsvar med matrikkelforskrifta § 55 3. ledd. Matrikkelen inneheld i dag dei matrikkeladressenamna som var oppretta i GAB. I staden for at Folkeregisteret eller Posten på eige initiativ opprettar "mellomnamn/stadnamn", er det betre at kommunen, som adressestyresmakt, med lokalkunnskap gjer denne jobben. Matrikkeladressenamnet skal vere eit stadnamn som fell språkleg og geografisk saman med eit nedarva stadnamn. Ein kan sjå på matrikkeladressenamnet som eit hjelpenamn brukt for at post og andre kan nyttiggjere seg matrikkeladressene fram til det vert tildelt vegadresser.

Ytre inngang

Omgrepet "ytre inngang" har vore brukt i tidlegare regelverk utan ein klar definisjon. I merknaden til matrikkelforskrifta § 50 3. ledd heiter det at "... Med ytre inngang menes som hovedregel atkomst fra terrengnivå. For bygg med altangang eller svalgang med atkomst til den enkelte bolig via utvendig atkomsttrapp, gis hver atkomsttrapp egen vegadresse som er felles for boligene...". Denne definisjonen har betydning for bruken av brukseiningsnummer for bygg med altangang eller svalgang. Sjå eksempel i adresserettleiaren kapittel 7.1.6.2.


I staden for å bruke brukseiningsnummeret i 2. etasje er det mange kommunar som vel fortløpande nummerering enten med "reine" nummer eller med nummer og bokstav slik dei har gjort tidlegare. Det er ikkje i tråd med rettleiinga, men Kartverket har ikkje vore påståeleg med omsyn til rettleiing på dette området så lenge kommunen har gjort ei vurdering og er seg bevisst på korleis dei tildeler adresser.

Generelt om definisjonar

Som nemnt tidlegare finn du i matrikkelforskrifta under merknad til kapittel 12 definisjonane av dei omgrepa som vert brukt i forskrifta. Adresserettleiaren sitt definisjonskapittel 18 har med seg desse + ein del fleire omgrep som vert brukt i adresseringsamanheng. Bruk desse dersom du har trong for definisjonane i ulike samanhengar. Dersom kommunen lagar lokale forskrifter og tek med nokon definisjonar av adresseomgrep, skal definisjonane hentast frå matrikkelforskrifta slik at dei vert riktige.

Adresseprosessen

Kommunen er adressestyresmakt, og det er nokon klare forventningar til kommunen i den samanheng, og no er vi klare til å gå gjennom heile adresseprosessen.



Det første ein bør gjere, og det er både viktig og vesentleg, er å laga ein overordna plan for adresseringsarbeidet og ressursbruken knytt til det. Det vil gje ei god forankring av arbeidet.

Figuren (sjå også adresserettleiaren kapittel 17.7) viser hovudaktivitetane i adresseforvaltninga. Figuren gjeld både etablering av adresse-systemet i eit område og seinare dagleg oppfølging. Det kan vere føremålstenleg å tenka offisiell adresse som eit system som vert etablert i eit område, frå det overordna mønsteret til detaljar i fleire nivå, som parallell til anna planlegging. Når rammene og det overordna mønsteret for systemet er fastlagt, kan utviklinga av detaljane begynne med fastlegging av adresseparsellane, m.a.o. kva vegar som skal ha eige namn. Deretter følgjer adresseforvaltninga sine tre prosesser:

Kurs i matrikkelføring - Lovkurs

- 1) fastlegging av adressenamn
- 2) skilting med eventuelle tilvisningsskilt
- 3) tildeling av adressenummer for den einkilde adresseeining, eventuelt med brukseinsningsnummer

Det kan vere rasjonelt om aktivitetane i dei ulike prosessane vert utført og vert følgt opp tilnærma parallelt.

Adresseprosessen er skildra utfyllande i adresserettleiaren kapittel 17 med underliggjande kapittel.

Forankre arbeidet – bruk gode argument

Å adressere ein heil kommune er eit stort og omfattande arbeid som krev både tid, pengar og involvering av innbyggjarane. Det er difor viktig at arbeidet vert godt forankra i kommunen.

Som ein del av det må det leggjast fram eit saksframlegg . Kva argument kan ein bruke i den samanhengen? Eksempel på saksframlegg finn ein i Handbok i adressering – for kommunar som skal gå over frå matrikkel- til vegadresser på

http://www.kartverket.no/Documents/Matrikkel/veiledning/av-instruks/Handbok-adressering-v1_2_0.pdf

Dei viktigaste argumenta er knytt til bruken av adressene. I det følgjande vert det vist til kva trong og synspunkt som kjem frå mange store brukarar.

AMK-sentralane

AMK-sentralane er ein viktig brukar av adresser. Frå dei er det sagt at vegadresser reduserer responstida. Dette er eit viktig poeng, spesielt i overgangen frå matrikkel- til vegadresser. AMK- sentralane vert også meir og meir sentralisert frå 44 til 19 på få år, og lokalkunnskapen vert som naturleg er dårlegare av den grunn. Rask respons kan redusere rekonvalesenttida som igjen er sparte pengar for samfunnet.

Posten – Skatteetaten –Telenor

Posten er ein veldig stor adressebrukar som les omlag 15 millionar adresser kvar einaste dag i året. Dei hadde helst sett at det kom eit lovkrav om overgang frå matrikkel- til vegadresser.

Distribusjonssystema deira er ikkje lenger basert på utstrakt bruk av lokalkunnskap.

- Store volum: ca 1,3 milliardar brev og 28 millionar pakker kvart år
- Kvart brev og kvar pakke vert i gjennomsnitt sortert 2 gonger
- Inkludert innlevering og utlevering vert det lese gjennomsnittleg 15 millionar adresser i Posten kvar einaste dag i året
- Om lag 70 000 brev vert sendt i retur kvar dag

Dårlege adresser og mykje returpost skulle ein tru Posten isolert sett tente på. Men slik er det ikkje, fordi returposten krev mykje manuell handsaming, noko som er svært kostbart

for Posten. Difor er det så viktig for dei å få til ei effektiv postforvaltning, som igjen er avhengig av gode og riktige adresser.

Folkeregisteret

Ein annan stor brukar og vidareformidlar av adresser er Folkeregisteret. Dei poengterer på lik line med alle andre store adressebrukarar at det er viktig at adressa vert registrert så tidleg som mogleg. Gjennom det får dei redusert bruken av uoffisielle adresser når folk melder flytting til adresser som ikkje er registrert i matrikkelen på grunn av sein føring frå kommunen si side.

Telenor

Som dei andre store adressebrukarane er det viktig for dei at adressa vert registrert så tidleg som mogleg. Ein unngår dermed å bruke uoffisielle adresser.

Som merknad til Folkeregisteret og Telenor sine ynskje er det på sin plass å minne på kva som er sagt om tidspunkt for føring av adresse i matrikkelen. Matrikkelforskrifta § 50 2. ledd seier at *"...Adressen skal tildeles så snart det er behov for adressen og senest sammen med igangsettingstillatelsen for tiltaket. ..."*. Viktigheita av dette er noko dei store adressebrukarane gjentar kvar gong dei snakkar om kommunane si adressetildeling. Post, pakker og varer skal leverast frå dag 1, og utan adresse vert det fort "krøll".

Bilnavigering og andre navigeringstenester

Så godt som alle som driv med varelevering bruker i dag navigasjonssystem for å redusere fraktkostnadane. Transportnæringa treng vegadressene for å kunne planlegge og optimalisere kjøreruter og soleis redusere transportkostnadane. Alle brukarane av navigeringstenester, det vere seg den vanlege kvinne/mann i gata eller profesjonelle, er avhengig av gode data. Desse systema bruker vegadresser og ikkje matrikkeladresser. Der det er matrikkeladresser må dei bruke stadnamn for å finne fram og det gjev ikkje same presise lokaliseringa.

Gratispassasjerar i kommunale avgiftssystem og kommunal nytte

Eit systematisk adresseringsarbeid i kommunen vil bidra til å finne eventuelle "gratispassasjerar" i det kommunale avgiftssystemet og på den måten også gje kommunen inntekter. Erfaringa er at det er mange bygg som ikkje er registrert i dag. Arbeidet vil gje auka kvalitet i FKB – bygg og veggeometrien (V-base), som igjen kommunen og samfunnet vil dra nytte av i andre samanhengar.

Internt i kommunen vil heimesjukepleia og andre utoverretta verksemder ha trong for gode adresser når dei skal finne fram (vikarar, nyttilsette, sommarhjelp ++).

Gode adresser er også viktig i den kommunale planlegginga. I plansamheng kan ein kople folk og adresser og få eit riktig bilete av busettingsmønsteret med meir.

Mindre friksjonstap – gode adresser gjer at ting går raskare

- Eg bur i Granskauen 60
- Vara skal leverast i Granskauen 60
- Pasienten befinn seg i vegkanten framom Granskauen 60
- For å finne fram dit må du kjøre 600 meter langs Granskauen. Da finn du huset på venstre hand

Desse kulepunkta summerer på ein enkel måte det som er lista opp av gode argument. Det er mindre "friksjonstap" ved gode adresser, og det igjen genererer samfunnsgevinster.

Sentrale politiske signal

I tillegg til argument knytt til bruken av adresser har vi også fått nokon sentrale politiske signal.

Iverksettingsrundskriv nr. T-5/09 frå Miljøverndepartementet (knytt til iverksettinga av matrikkellova) tek opp ynsket om bruk av vegadresser i kommunane

- Gjeldende regler om offisiell adresse blir i hovudsak videreført
- Terminologien er noe endret, bl.a. erstatter vegadresse begrepet gateadresse. Reglene åpner nå, på nærmere vilkår, for å få registrert et adressetilleggsnavn til adressen. Først og fremst gjelder dette bruksnavn såfremt navnet på gårdsbruket faller språklig og geografisk sammen med et nedarvet stedsnavn.
- Miljøverndepartementet anbefaler at kommunene tar i bruk vegadresseformen på en så konsekvent måte som mulig.

Miljøverndepartementet anbefaler her kommunane å ta i bruk vegadresser. Det same er nemnt i formålsparagrafen for adresser og skilt, § 49.

Målet om eitt adressesystem i form av vegadresser for heile landet vart også trekt fram i handsaminga av matrikkellova vist gjennom følgjande utsegn:

I Ot.prp. nr. 70 Om lov om eigedomsregistrering seier Miljøverndepartementet i merknaden til § 21 Fastsetjing av offisiell adresse at

- "... Departementet føreset at bruk av matrikkelnummerforma etter kvart går ut, og at gateadresseforma blir innført som felles form for heile landet." (s. 185 høgre spalte).

I innst. O. nr. 118 (2004-2005) frå energi- og miljøkomiteen om lov om eigedomsregistrering heiter det at

- "... Departementet meiner det er viktig å få på plass eit eintydig adressesystem basert på gateadresseforma for alle adresseverdige eigedommar og bygg, og ein ønskjer ei intensivering av arbeidet med tildeling av offisielle adresser i form av gateadresser. ..."

og vidare at

- "... Departementet føreset at matrikkelnummer etter kvart går ut og at gateadresseforma blir innført som felles adresseform for heile landet. Statens kartverk må som sentral matrikkelstyresmakt aktivt rettleie kommunane om prosedyrar og metodar for slik adressetildeling, og på ein positiv måte fungere som pådrivar i arbeidet. Det kan bli aktuelt med ein samla overgang på eit seinare tidspunkt. ..."

Oppsummert er dette tydelege politiske føringar for det adressearbeidet som vert gjort i kommunane og det rettleiingsarbeidet Kartverket gjer. Kartverket har take samfunsansvar og er ein aktiv pådrivar for innføring av vegadresser i kommunane.

Felles adresseringsområde

Adressesystemet er bygd opp rundt kommunen som eining. Kommunegrensene er svært mange stader lite eigna som yttergrense for eit velfungerande adressesystem. Mange brukarar opererer innanfor større regionar, og dei ynskjer eit adressesystem som er eintydig med omsyn til adressenamn innanfor regionen. Dei akuttmedisinske kommunikasjonsentralane (AMK) er eitt eksempel på ein slik brukar.

Når kommunen skal tildele adressenamn, bør dei som eit minimum sjekke adressenamna til alle dei kommunane som dei grenser til, og ikkje bruke namn som allereie er i bruk. Dette er ikkje enkelt, for ein vil ofte oppleve at nabokommunen allereie "har brukt opp" ein del av dei namna som ein sjølv vil bruke ("først til mølla"-prinsippet). Det understrekar at det er viktig å ha eit godt samarbeid med nabokommunane også på dette området.

Helst bør kommunen undersøke eit større område, og då kan området til AMK-sentralane vere eit godt utgangspunkt, jf. matrikkelforskrifta § 58.

For kommunar som ikkje har kome langt med adressetildeling, kan ein vurdere å få til eit felles prosjekt med nabokommunane, jf. matrikkelforskrifta § 58. Det er gjennomført med hell fleire stader. Alternativt kan ein opprette eit felles namneutval som ein konfererer med. Les meir i matrikkelforskrifta §58 og adresserettleiaren kapittel 3.

Adresseparsell

Å dele opp i adresseparsellar og bestemme seg for start- og stopp-punkt for nummertildeling er svært viktig. Ein må i denne samanheng tenke gjennom kva prinsipp ein ynskjer å fylgje for kommunen/området. For å få eit logisk adressesystem er det viktig at det vert brukt tid på dette arbeidet. Det kan sjå enkelt ut på kartet, men når ein begynner å gå i detalj, vil det alltid dukke opp spørsmål/problemstillingar som ikkje alltid vert dekkja av hovudprinsippa. Les meir i matrikkelforskrifta § 50, merknad til kap. 12 i matrikkelforskrifta og adresserettleiaren kap. 4.

Adresseparsell - vurderingskriterium

I vurderinga om ein sideveg eller stikkveg skal utgjere ein eigen adresseparsell, bør følgjande faktorar vurderast:

- lengde på sidevegen (gjerne over 2 km i spreidd bygd område)
- talet på adresseeiningar i sidevegen (gjerne meir enn 2-4 adresseeiningar i spreidd bygd område, meir enn 10-20 i tettbygd område)
- vidare utbygging i sidevegen
- lengda på hovudvegen
- ujamn nummerering langs hovudvegen, om sidevegen blir adressert til denne
- avgrense trong for omadressering

Det er viktig å påpeike at dette må sjåast på som ei rettesnor, og ikkje som ein fasit. I den gruppa som utarbeidde adresserettleiaren var det ulik praksis, spesielt på lengde og tal på adresseeiningar. Her kan det vere ulike omsyn i byområde og i område med spreidd busetnad. Les meir i matrikkelforskrifta § 50 og adresserettleiaren kap. 4.

Adressenamn – namneforslag

Erfaringa er at namnearbeidet tek tid. Difor er det viktig å starte innsamling av namn tidleg, og opprette ein namnekomite. Bruk historielag, velforeiningar, grunneigarar og lokalkjente. Husk at alle adresseparsellene skal ha namn, og informer om arbeidet.

- Legg til grunn nokre prinsipp for val av adressenamn
 - varige namn
 - passe inn i kommunen sitt samla adressesystem
 - ikkje støytande eller komisk
 - bør vere varierte
 - lett å skrive, lese og uttale
 - ikkje nolevande personar
 - unngå firmanamn

Med referanse til samarbeid over kommunegrensar bør kommunen ved tildeling av adressenamn som et minimum sjekke adressenamna til alle dei kommunane som dei grensar til, og då ikkje bruke namn som allereie er i bruk. Dette er ikkje enkelt, for ein vil ofte oppleve at nabokommunen allereie "har brukt opp" ein del av dei namna som ein sjølv vil bruke ("først til mølla"-prinsippet). Det strekar under kor viktig det er å ha eit godt samarbeid med nabokommunane også på dette området.

Ein veg som startar i ein kommune og fortset inn i ein annen utan at det er noko fysisk skilje slik som vegdele, kryss, bru eller anna, bør få same namn i begge kommunane. Nummereringa bør også vere fortløpande på tvers av kommunegrensa. Les meir i matrikkelforskrifta § 51, og adresserettleiaren kap. 6 med underliggjande kapittel.

Skiltplan

Når ein har delt området som skal adresserast inn i parsellar, er det tid for å laga eit førsteutkast til skiltplan som seier korleis adressene skal skiltast, kor skilt skal plasserast og kva type skilt som skal stå kor. Det er viktig å ha eit godt samarbeid med SVV som er ansvarleg for skilta langs fylkes- og riksveg. Skal skiltarbeidet settast bort til ein annan etat i kommunen eller eit privat firma, er det veldig viktig å ha ein god og detaljert skiltplan som dokumenterer kor skilt av ulike typar skal settast opp.

SVV (Statens vegvesen) er berre ansvarleg for skilta som viser namnet på riks- eller fylkesvegen. Adressenamnskilt for vegane som går ut frå riks- og fylkesvegen er kommunen sitt ansvar sjølv om dei står i krysset riks-/fylkesveg og kommunal veg.

Les meir i matrikkelforskrifta §57 og adresserettleiaren kap. 11 med underliggjande kapittel.

Adressenummer

Samtidig som arbeidet med namn pågår og det vert laga eit utkast til skiltplan, planlegg ein tildelinga av adressenummer. Det må klargjerast kva prinsipp det skal adresserast etter for dei ulike adresseparsellane. Det vere seg avstandsnummerering eller fortløpande nummertildeling, kantprinsippet med oddetal på høgre side og partal på venstre side. Ein lagar seg detaljplan for dei ulike adresseparsellane. Manglar ein informasjon som gjer at ein ikkje kan laga ein detaljplan, kan ein som eit første steg sette av grupper av adressenummer. Er det bygg med fleire brukseiningar, skal brukseiningsnummeret vere ein del av adressa. I det følgjande vert det vist nokre vurderingar/arbeidsoppgåver som ein må gjennom.

- Velje prinsipp for adresseringa
- Adressenummer innanfor kvar adresseparsell
- Sette av ledige nummer
- Detaljplan
- Fleirbustadbygg skal også ha brukseiningsnummer
- Adresseverdige bygg \implies bustad, fritid, næring
- Adresseverdige stader

Les meir i matrikkelforskrifta § 52, og adresserettleiaren kap. 7 med underkapittel.

Brukseiningsnummer

Brukseiningsnummer er det generelle omgrepet ein bruker på dei einssilde brukseiningane i ein bygning, og består av ein kode for etasjetype, etasjenummer og brukseiningsnummer innan etasjen (f.eks. H0203). Til denne er det i matrikkelen knytt opplysning om type brukseining (bustad, fritidsbustad, anna). Brukseining til bustad var tidlegare kalla *bustadnummer* (*bolignummer*).

Dersom fleire bustader deler same vegadressa, skal brukseiningsnumra inngå som ein del av den offisielle adressa, jf. merknaden til offisiell adresse i matrikkelforskrifta kap. 12. Dersom andre brukseiningar enn bustad deler same vegadresse, kan brukseiningsnummer inngå som ein del av den offisielle adressa. Kommunen må gjere ei vurdering. Utleigeleiligheter i ein bustad med berre ein inngang, skal ha ei unik adresse ved bruk av brukseiningsnummer. I hus med fleire bustader / leiligheter der desse har forskjellig ytre inngang, skal kvar ytre inngang tildelast eiga vegadresse.

Ved flytting til fleirbustadhus krev Folkeregisteret at flyttemeldinga inneheld brukseiningsnummeret . Manglar det, kjem flyttemeldinga i retur.

Melding om tildelt brukseiningsnummer vert gjeve i form av adressemerke frå Statens kartverk. Adressemerket skal settast synleg på eller ved inngangsdøra for brukseininga.




Når blir brukseiningsnummeret fastsett?

Brukseiningsnummeret blir tildelt i samband med registrering av byggesak. Når brukseiningsnummeret inngår som ein del av den offisielle adressa, skal brukseiningsnummer som prinsipp vere dokumenterbart. Det er difor både nødvendig og hensiktsmessig at det blir påført byggeteikningane.

Hovudprinsipp for tildeling av brukseiningsnummer

Med utgangspunkt i trappa til etasjen når ein står i øvste trappetrinnet, så tel ein frå venstre med klokka mot høgre, slik ein ser på illustrasjonen under. Les meir i matrikkelforskrifta § 53 og Adresseveilederen kap. 8 med underkapittel.



Kartverket har i tillegg laga ein animasjonsfilm «Bruksenhetsnummer – leilighetens unike adresse» som fortel meir om tildeling og bruk av brukseiningsnummer <http://www.kartverket.no/eiendom/adressering/bruksenhetsnummer/>

Namnehandsaming

No skal vi dvela litt med namnehandsaminga i adresseringsarbeidet. Det er alt nemnt at adressering etter matrikkellova og stadnamnforvaltninga etter lov om stadnamn heng nært saman, ved at regelverket grip inn i kvarandre. Difor vart det i 2010 halde ein landsdekkande kursserie i adresser og stadnamn over 2 dagar. Som også tidlegare nemnt blir val av adressenamnet regulert i matrikkellova med tilhøyrande regelverk, medan skrivemåten av det same namnet vert regulert i stadnamnlova med tilhøyrande regelverk. Les meir i matrikkelforskrifta § 50, 51 og adresseveiledaren kap. 6 med underliggjande kapittel. Namnehandsaming – to viktige prinsipp

1. **Val av namn** ("Kva skal barnet heite?") vert avgjort heilt av kommunen. Stadnamntenesta både bør og kan spørjast til råd (www.sprakrad.no)
2. **Skrivemåten av namn** skal handsamast etter regelverket i lov om stadnamn

Dette er svært viktig å ha klar for seg i samband med det som ofte kjem fram som klage, protest, usemje, osv. Kva er det eigentleg som er "saka"? Gjelder det VALET av namn – eller SKRIVEMÅTEN?

Namnehandsaming – kva er stadnamn?

I stadnamnlova § 2 er stadnamn definert som "... namn på terrengformasjonar som fjell og vatn, kulturformasjonar som gardsområde, gardsbruk, vegar og bruer, administrative område som kommunar og sokn, institusjonar og adresser."

Dette betyr at adressenamn, adressesetleggsnamn (bruks-, bygnings- og institusjonsnamn), matrikkeladressenamn, namn på krinsar er alle stadnamn etter definisjonen i lov om stadnamn.

Ein høyrer ofte at det vert sagt "vegnamn, gardsnamn, osv. – ja, og så stadnamn". Poenget er å understreke at alt dette er stadnamn, og kjem difor inn under regelverket til lov om stadnamn når det gjeld skrivemåten. For å lette namnearbeidet er det i regi av Kartverket utarbeidd ein prosedyre for fastsetting av nye adressenamn.

Namnehandsaming – prosedyre for fastsetting av nye adressenamn

Denne prosedyren er skildra i adresserettleiaren kapittel 17.7.1.

Beskrivelse	Kommentarer
1. Lag inndeling i adresseparseller	Dette bør være en teknisk/administrativ oppgave.
2. Lag forslag til adressenamn for den enkelte parsell, med ønsket skrivemåte	Forut, eller i forbindelse med dette, kan det være aktuelt å informere publikum og aktuelle lag/foreninger, med mulighet for å komme med forslag på navn. Et utkast til forslag lages av saksbehandler. Dette vil normalt behandles av det politiske organ i kommunen som har ansvar for stedsnavn/adresser. Se skjema nedenfor som kan følge prosessen. I noen kommuner vil valg av adressenamn med tilhørende navnebehandling etter lov om stadnamn, oversendes for behandling i kulturetaten, med tilhørende politisk organ.
3. Forslag oversendes Stedsnavntjenesten (SNT) for uttalelse. SNT gir ved tilbakemelding her råd om det bør reises formell navnesak eller om foreslåtte navn med en angitt skrivemåte kan gis status godkjent eller vedtatt. Kopi av tilråding fra SNT sendes Kartverket.	For adressenamn med forledd som fra før ikke er i offentlig bruk/finnes i Sentralt stedsnavnregister (SSR), bør det vedlegges nødvendig forklaring/ begrunnelse. SNT vurderer skrivemåten av navnene og gir råd om skrivemåten. Både forledd, sammensetningsledd (komposisjonsfuge) og hovedledd vurderes. Skrivemåten sjekkes mot SSR. Navn med forledd som har status godkjent i SSR, og med en akseptabel skrivemåte i tråd med regelverket, kan benyttes som adressenamn og gis status godkjent (føres med status G i SSR). Dersom en avvikende skrivemåte ønskes av kommunen, må det reises formell navnesak på vanlig måte, hvor også primærfunksjonen av navnet tas med. Ofte vil det være Kartverket som har vedtaksretten for navn i primærfunksjonen, noe som må avklares. Navn med forledd som har status vedtatt, skal ha denne skrivemåten også som adressenamn og gis status vedtatt (føres med status V i SSR). Det samme gjelder vanligvis for kategorinavn hvor vanlig norsk rettskriving følges (Ekornveien, Bjørkebakken, o.l.).
4. Etter mottatt uttalelse fra SNT (og eventuelle innsigelser fra publikum, eiere, mv.), vurderer kommunen behovet for å reise formell(e) navnesak(er)	Her følges regelverket om dette i lov om stadnamn (ref. saksgang ved behandling av navnesaker på www.kartverket.no). Eventuelt oversendes navn til KV med anmodning om å reise sak. Det vil være naturlig at disse navn utgår fra hovedprosessen, slik at ikke hele adresseprosessen stopper opp, se pkt. 6.
5. Når skrivemåten av foreslåtte navn er avklart, gjør kommunen vedtak om <u>valg</u> av navn for aktuelle adresseparseller, og fører disse navnene i matrikkelen	Dette er et vedtak som gjøres av det organ i kommunen som har vedtaksretten for dette (komm.styret, ev. delegert til et underliggende politisk utvalg). Det er ingen formell klageadgang på dette vedtaket.

<p>6. For navn som har vært behandlet i navnesak, ref. pkt. 4, gjør kommunen formelt vedtak om <u>skrivemåten</u> for navn kommunen måtte ha vedtaksretten for, og fører disse navnene i matrikkelen</p>	<p>Dette kan være navn kommunen direkte reiser navnesak for, eller det kan være en oppfølger med vedtak for navn som KV har behandlet og gjort vedtak for i primærfunksjonen. Disse navna føres med status V (vedtak) i SSR. Adressenavn som <u>ikke</u> er resultat av formell navnesak, får status G (godkjent).</p>
<p>7. Nye adressenavn skal: a) føres i Matrikkelen b) føres i SSR c) føres i FKB-vegnett</p>	<p>Nye adressenavn må først føres i matrikkelen og der gis <u>adressekode</u>. Denne adressekoden er viktig/nødvendig for registrering i SSR og FKB-vegnett. I navneprosessen kan skjema nedenfor benyttes som grunnlag for føring i SSR av adressenavn som <u>ikke</u> er resultat av formell navnesak. For føring i FKB-vegnett vises til egen veiledning.</p>

Namnehandsaming – når må det reisast namnesak for adressenamn?

Må det reisast namnesak for alle adressenamn? Svaret er:

- NEI!

dersom hovudleddet i namnet

a) var i offentlig bruk pr. 1.7.1991 (= 'godkjent' i SSR)

eller

b) har ein 'vedteken' skriftform etter regelverket i lov om stadnamn

- JA

dersom det vert ynskt "ny" skrivemåte eller det er eit heilt nytt namn

Namnehandsaminga kan ta tid. I forskrift om skrivemåten av stadnamn (FOR 2007-06-01 nr 592) § 8 er det gjeve reglar for korleis sakshandsaminga skal vere. Sakshandsaminga er tabellmessig vist i adresseveiledaren kapittel 17.7.1. Det er verdt å merke seg at det er lagt inn nokre krav til høyring. I § 8 heiter det at

"... Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Det skal setjast av to månader til høyring av dei som etter stadnamnlova § 6 første ledd har rett til å uttale seg, og to månader til saksbehandlinga hos namnekonsulentane. ..."

Nytt SSR eller Sestedsnavn.no for å sjå alle stadnamna som er registrert, og kva skrivemåtestatus dei har (eksempelvis godkjent, vedtatt, avslått ...)

Namnehandsaming – bruksnamn

Det har pågått ei avklaring med omsyn til regelverket for handsaming av bruksnamn. Lov om stadnamn vart endra med verknad frå 1. juli 2015. Den viktigaste endringa er at grunneigar får rett til å fastsette skrivemåten av namn på egen eigendom, dvs. bruksnamnet, mens det overordna gardsnamnet skal fastsettes etter same regler som tidligare. Kartverket skal framleis være formelt vedtaksorgan også for bruksnamn. Men

Kurs i matrikkelføring - Lovkurs

dersom grunneigaren kan dokumentere at skrivemåten han/ho ynskjer på eige gardsbruk eller eigendom, har vore i offentlig bruk som bruksnamn, skal skrivemåten kunne vedtakast utan vidare, sjølv om skrivemåten ikkje er i tråd med norske rettskrivingsprinsipp. Slike eigarfastsette skrivemåtar skal ikkje være retningsgivande for skrivemåten av andre stadnamn som det offentlege tek i bruk, f.eks. i adressering (namn på gater/veger) eller namn på skoler og bustadfelt. Men skrivemåten brukast i adressedokumentasjon etter matrikkelforskriften § 54 første ledd, der det pr. definisjon er bruksnamnet på eigendommen som skal brukast.

Andre ledd i § 6 seier: I saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentlig bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan høyring etter første ledd. Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal i alle andre tilfelle vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet.

Informasjon og uttalerett

Som ein del av den demokratiske prosessen skal det informerast om adresseringsarbeidet som kommunen gjer, og dei som har krav på det skal også ha uttalerett. I informasjonsarbeidet ser vi at det er nyttig å leggje ved kart som viser adresseparsellane slik at innbyggjarane enkelt får ein oversikt over kva adresseparsellar som får adressenamnet og -nummer.

I Ot.prp. nr. 70 kapittel 16.4 drøftar departementet uttaleretten:

Departementet er samd i at dei som er involverte skal få høve til å uttale seg før kommunen fattar endeleg vedtak om tildeling av offisiell adresse, og har teke dette inn i lovforslaget. Departementet meiner at ein slik uttalerett er eit naturleg ledd i den demokratiske prosessen. Ein slik uttalerett, som reint faktisk kan likestillast med ei høyring, kan gi positive effektar i forhold til å sikre lokal identitet. Departementet presiserer at dette er ein uttalerett, og såleis ikkje noko krav om at det skal hentast inn samtykke frå den enkelte.

Uttaleretten vart teke inn i matrikkellova § 21 der det heiter:

§ 21. Fastsetjing av offisiell adresse

Kommunen fastset offisiell adresse. Før kommunen gjer endeleg vedtak om offisiell adresse, skal dei som vedtaket får verknad for, få høve til å uttale seg.

I matrikkelforskrifta § 50 7. ledd er det vidare sagt at før kommunen tildelar eller endrar vegadresse, skal kommunen informere registrert eigar og registrert festar. Korleis skal dette gjerast? Ved få adresser blir det anbefalt at registrert eigar og registrert festar vert tilskriva direkte. Dette kan gjerast ved hjelp av e-post. Kommunen bør oppfordre registrert eigar og registrert festar om å vidaresende informasjonen til andre som avgjerla får verknad for, det vere seg tiltakshavar, kjøpar av eigedomen, leigetakar eller bebuar av eigedomen. I den grad kommunen kjenner nokon slike bør dei informerast direkte. Ved fleire adresser kan kommunen annonsere i aviser, omtale saka i media og

bruke kommunen sine og andre relevante internettsider. I tillegg kan ein leggje ut informasjon på biblioteket.

Nokre eksempel på uttalerett – når og korleis

- Uttalerett ved nyadressering (større/mindre felt eller enkelttomter som vert frådelt):

I merknaden til matrikkelforskrifta § 50, 7. ledd er det drøfta kva som kan vere hensiktsmessig i slike situasjonar. Det gjeld direkte kontakt, annonsering i aviser, omtale i media ++. Dersom det gjeld nyadressering for eit utbyggingsområde, vil det vere naturleg at kommunen på eit rimeleg tidspunkt informerer utbyggjaren om adresseringa. Dersom det gjeld frådeling av ei tomt og det vert kalla inn til oppmålingsforretning, vil det vere hensiktsmessig å informere om at eigedomen vil få ei adresse knytt til "veg ??", og eventuelt kva adressenummer den vil få. Innkalling til oppmålingsforretning kan ha kortare frist enn 3 veker, og i slike tilfeller kan ein akseptere at det vert sett ein kortare frist slik det er gjeve løyve til gjennom formuleringa "...passende frist for uttalelsen som vanlegvis ikke". Altså eit unntak til den anbefalte 3-vekers regelen.

- Uttalerett ved bygningsendring frå eksempelvis næringsbygg til næringsbygg og bustad, og det vert trong for adressering/omadressering.

Det er ein søknadsprosess knytt til ei godkjenning av ei slik endring. I den prosessen kan ein opplyse om at det vert ei omadressering ved ei slik endring. Kva som er hensiktsmessig informasjonsmåte er opp til omstenda, som nemnt i matrikkelforskrifta § 50, 7. ledd. Dersom kommunen vel å gjere det pr telefon, må kommunen i alle fall sikre seg at dette vert dokumentert. Det er viktig i tilfelle manglande informasjon og moglegheit til uttale vert brukt i ei klagesak knytt til sakshandsamingsfeil. Å dokumentere ein telefonsamtale kan vere vanskeleg. I dag har ein e-post som ein rask og dokumenterbar måte å informere på, og det vert anbefalt at kontakten skjer på den måten.

Namnevedtaket

Vedtaket om adressenamnet vert gjort av den styresmakt/det utval som har fått denne fullmakta. Skrivemåten av adressenamnet skal kunngjerast. Her bør ein prøve å unngå ein serie med einskildkunngjeringar. Sakshandsaminga rundt namnevedtaket er regulert i stadnamnlova § 6, og form og innhald er nærare skildra i forskrifta til stadnamnlova § 9.

Bestille skilt

No, når alle adresseparsellane har fått sine adressenamn og det er fastsett korrekt skrivemåte for dei, er det tid for å bestille skilt i samsvar med skiltplan. Les korrektur slik at skiltet viser rett skrivemåte av adressenamnet, eventuelt med korrekt forkorting.

Matrikkelforskrifta § 57 seier tydeleg at "...Skiltene skal settes opp så snart som mulig etter at skrivemåten til adressenamnet er vedtatt. ..". Ein skal merke seg at skiltinga er ein viktig del av adresseringa og det å få eit einsarta adressesystem for kommunen.

Adresserettleiaren kapittel 11 viser ein standard på form og utforming av dei ulike adresseskilta.

Husk at kommunen er ansvarleg for adressenamnskilt + tilvisningsskilt, medan huseigar er ansvarleg for adressenummerskilt.

Vedtak om tildelt adressenummer

Adressenummeret vert formalisert. Det kan i somme tilfelle vere både naturleg og rasjonelt å gje heimelshavar berre ei melding. Men meldinga må då formulerast slik at ho er:

- Ei orientering om adressenamnet
- Ei underretting om kva adresse kommunen vil gje
- Ei melding om at dette vert adressa dersom det ikkje kjem innvendingar innan ein fastsett frist.

Saman med denne meldinga bør det leggjast ved informasjon (brosjyre) som kort orienterer om kva vegadresse er, korleis adressenamn og adressenummer vert fastsett og korleis det skal skiltast. Informasjonen bør spesielt framheve kva deler av vedtaket det kan klagast over, kven som har klagerett, om klagefrist og kven som er adressat for eventuell klage.

Føring i matrikkelen

Når adressevedtaket er fatta, skal adressa registrerast i matrikkelen. Det er først då at den vedtekne adressa får status som offisiell adresse.

Adressenamnet skal også registrerast i SSR og i FKB – vegnett.

Krinsopplysningar

Matrikkelforskrifta § 56 seier at alle adresser skal knytast til dei offisielle krinsane på staden. Dei offisielle krinsane er definert som kommune, grunnkrins, valkrins, kyrkjesokn, tettstad og postnummerområde.

I matrikkelen blir krinsopplysningane knytt til adressepunkta gjennom dei digitale krinsane.

Meir om krinsforvaltninga i matrikkelen finn ein i kapittel 5 i føringsinstruksen for matrikkelen <https://kartverket.no/eiendom/saksbehandling/veiledning-og-kurs/veiledning-for-lokal-matrikkelmyndighet/foringsinstruks-matrikkelen/5-Adresse/>

Skilting

Skilting skjer i samsvar med skiltplan.

Plassering:

- privat eigedom – grunneigar må kontaktast
- bygningsfasade – viktig med god skildring av kor skilt skal plasserast og korleis dei skal forankrast – bygningseigar må kontaktast
- arbeidet vert gjort av eksterne – avtale der skiltplan og skildring er ein viktig del av avtalen

Ha rutine for kontroll og vedlikehald av oppsette skilt. Eit tips er å bruke kommunen sitt feievesen eller andre "uteetatar" til å kontrollere at adressenummerskilt er sett opp, og om vedlikehald av andre adresseskilt trengs.

Klage

I adressesamanheng kan ein klage både etter matrikkellova og etter stadnamnlova. Men det er ulike ting ein kan klage over etter dei to lovene.

Matrikkellova § 46 seier at det alltid kan klagast over enkeltvedtak. I tillegg vert det presisert i bokstav f) at det kan klagast over tildeling av offisiell adresse med heimel i § 21.

Matrikkelforskrifta § 22 seier så kva det kan klagast over etter matrikkellova § 46 f). Klageadgangen skal sikre mot feil ved innholdet i kommunen si avgjersle.

Skrivemåten av adressenamnet kan det også klagast over, men her gjeld klagereglane i § 10 i stadnamnlova.

Klage – regelverket, matrikkellova

§ 46 Klage:

*“Enkeltvedtak etter denne lova kan klagast på etter kapittel IV til VI i forvaltningslova. Det kan alltid klagast over vedtak om:
f) tildeling av offisiell adresse med heimel i § 21*

§ 21 Fastsetjing av offisiell adresse:

“Kommunen fastset offisiell adresse. Før kommunen gjer endeleg vedtak om offisiell adresse, skal dei som vedtaket får verknad for, få høve til å uttale seg.”

Klage – regelverket, matrikkelforskrifta

§22 Klage over adressetildeling:

“Ved klage over tildeling eller endring av offisiell adresse, er klageretten begrenset til

- a) hvilken gate, veg eller liknende en bygning eller eiendom skal ha adresse til*
- b) hvilket adressetilleggsnavn eller matrikkeladressenavn som er tildelt adressen*
- c) feil tildelt adressenummer eller bruksenhetsnummer.”*

Matrikkelforskrifta utdjuar og presiserer kva det kan klagast over etter matrikkellova.

Dette viser at det ikkje er så mykje det kan klagast over. Merknaden til § 22 lister opp kva det ikkje kan klagast over.

Klage – det som det ikkje kan klagast over etter matrikkelregelverket

- Ikkje sjølv det å tildele eller endre adressa
- Ikkje sjølv det å gå over frå matrikkel- til vegadresse
- Ikkje sjølv det å velje kva vegar som skal tildelast namn, dvs. kor det skal tildelast vegadresser
- Ikkje skrivemåten av namn (adressenamn, adressetilleggsnamn, matrikkeladressenamn – skrivemåten kan derimot klagast over etter lov om stadnamn)

Klage – kva gjeld klagen?

Ved mottak av klage er det veldig viktig å klarleggje kva "protestane" gjeld! Det blir lett ei "suppe" som blir presentert, og ein må difor plukke ut kva som er relevant og kva som ikkje er det. Bruk av Facebook-grupper og liknande sosiale media har gjort at det kan bli eit stort "trykk" i einskilde tilfelle. Uansett, klager skal alltid handsamast seriøst, og ved fornuftige klager som påviser feil skal klagar få medhald.

Klage over sjølve adressetildelinga går via vedtaksorganet (kommunen) til Fylkesmannen.

Klage som gjeld val av adressenamn er eit vanleg kommunalt vedtak som det ikkje er knytt formell klagerett til.

Klage på skrivemåten vert handsama etter stadnamnlova § 10 og går til ei eiga klagemnd for saker etter lov om stadnamn.

Klage – oppsummering

Retten til å klage etter matrikkelova og stadnamnlova, men på ulike ting.

Moglegheitene til å klage skal oppgjevast i vedtaksbrevet.

Klaga skal stilast til kommunen og den del av kommuneadministrasjonen som har gjort vedtaket.

- Vert klaga tatt til følge -> nytt vedtak + brev til dei involverte partane
-> må rettast i matrikkelen
- Vert klaga ikkje tatt til følge -> avslaget vert returnert med grunngjeving
-> Vert klaga oppretthalde av klagar, vert klaga sendt over til Fylkesmannen med kopi av avslått klage frå kommunen

Vi anbefaler alle som skal handsame klage på enkeltvedtak å lese gjennom den rettleiinga som miljøkommune.no gjev på dette området

<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Saksbehandling/Klagebehandling/>

Arkivering

Ein viser her til regelverket i arkivlova ([Lov om arkiv, 1992-12-04-126](#))

Saksarkivet er rekna som hovudarkivet i kommunen. Her blir dokumenta ordna etter det emnet eller den saka som er handsama i dokumentet (etter arkivnøkkelen).

Det finst også *spesialarkiv* der det er det einskilde objektet (person, eigedom, adresse osv.) som er arkivgrunnlaget. Arkivmapper som er ordna som spesialarkiv, blir ofte ordna som ein del av saksarkivet. Adressearkivet vil mest praktisk vere eit spesialarkiv ordna etter adressenamn (og ev. adressenummer). Adressearkivet bør vere lett tilgjengeleg for adresseforvaltarane sidan det er i stadig bruk ved endringar og nyetableringar. Det kan skape konflikt i forhold til arkivforskriftene sine generelle krav om periodisering og bortsetting. Kommunen sitt kvalitetssikringssystem (sjå adresseveiledaren kap. 17.3.2) må innehalde bestemmelsar om adressearkivet og arkivbruken. Det skal sikre at adressearkivet held tilfredsstillande kvalitet som ein del av kommunen si formelle arkivordning.

Læringsmål

Dette dokumentet starta med læringsmåla og avslutter med dei same. Det vert anbefalt at ein går gjennom desse læringsmåla til slutt og ser om ein har fått med seg svara på dei ulike kulepunkta.

- Vite kva som er føremålet med adresser og skilt (føremålsparagrafen)
- Vite kva offisiell adresse er
- Kjenne og forstå dei adresseomgrepa som er gjennomgått
- Vite kva i adressearbeidet som vert handsama etter matrikkellova med regelverk, og kva som vert handsama etter stadnamnlova med regelverk
- Forstå og kjenne til dei ulike delane av adresseringsprosessen, kva prinsipp som vert brukt i tildelinga av adressenummer og brukseiningsnummer.
- Kjenne til kva del av adresseprosessen/-arbeidet som vert utført etter reglane i lov om stadnamn
- Vite kva det kan klagast over etter matrikkellova, og kva det kan klagast over etter stadnamnlova
- Vite kva regelverk som styrer arkiveringa